



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

29. Årg.

FEBRUAR/MARS 1975

Nr. 2

### Det er fastetid

Den som ikkje visste av synd, hev han gjort til synd for oss, so me skal verta rettferdige for Gud i han, 2 Kor. 5:21.

*Den som av synd ei visste  
vart gjort til synd for oss,  
Vår Herre Jesus Kriste  
vart hengd opp på ein kross,  
der han so anda ut  
og lagdest ned i grava,  
men me vart løyst fra krava  
Og er forlikt med Gud.*

*Men dauden kunne ikkje  
i grava halda han.  
Eit Kristi rettferds rike  
med oppståa me vann.  
I dette no me er  
rettferdiggjort ved trua  
treng difor ikkje grua  
for satans vonde her.*

*Me difor kan oss gleda  
på denne rettferds grunn,  
Og takkesongar kveda  
med hjarta og med munn.*

*Lat tonen lyda klårt  
om Jesus blod og vunder  
so det i alle stunder  
kan gleda hjarta vårt.*

*Magnus Bjørge.*

### Nyval i Soknerådet

Ved nyval i sokneråda er desse blitt valde:

**DALE:**

Håkon Helle, formann  
Liv Sellevold, nestformann

**VAKSDAL:**

Mons Myren, formann  
Arvid Tolås, nestformann

**STAMNES:**

Arthur Jakobsen, formann  
Ragnar Trohjell, nestformann

**BERGSDALEN:**

Magne Sveinung Lid, formann  
Anders Fosse, nestformann

**EKSINGEDALEN:**

Yngve Lavik, formann  
Nils A. Flatekval, nestformann

**NESHEIM:**

Johan J. Gullbrå, formann  
Johanne Nesheim, nestformann.

## Bare en gjeter

Profeten Amos hadde satt sinnene i bevegelse med sitt Gudgitte budskap. Han var falt i unåde hos folkets ledere. Særlig presten Amasja mente budskapet passet bedre hos andre folk, enn hos dem. Av den grunn så han helst at Amos forsvant. I slike tider er det ikke lett å være profet, har aldri vært det heller. Derfor kan det se ut som feighet når han svarer profeten slik: «Jeg er ingen profet, jeg er bare en gjeter.» (Amos 7:14). Men nei — Amos var ikke et rør som svaier i vinden. Tross sin ringe stand, har Herren kalt ham til profet for sitt folk. Guds måte å velge sine vitner på har alltid vekket undring, hos alle som så sin egen uverdighet på denne bakgrunn. Her ligger et spenningsfelt hos alle Guds barn, mere eller mindre etter kallets styrke og karakter. De kjente seg uverdige, alle som en. «Min ætt er den ringeste i Manasse, og jeg er den yngste i søskenflokket», sa Gideon da Gud kalte ham til sin gjerding. «Herren reiser den ringe av støvet, og løfter den fattige fra gruset», var Hannes reaksjon på Guds nåde. «Hvem er jeg», sa David når han så inn i Guds store miskunnhet. Og Maria jubler ut: «Herren har sett til sin tjenerinnes ringhet.» Denne spenning mellom Guds storhet og egen ringhet, tegner Paulus som et normalt paradoks hos Guds folk. Som bedrøvet, men alltid glade, som fattige, som dog gjør mange rike, som de som intet har, og dog eier alt, som de som refses av Gud, men ikke ødelagt, som de som dør, og se vi lever. (2 Kor. 6:9-19).

Johanne B. Helle.

## Litt statistikk 1974

Statistikken for 1974 viser at det i året var:

Ordinære Gudstenester	121
Ekstra-gudstenester	20
Døypte	79
Avlidne	47
Nattverdgjester ialt	1340

Innkome ved offer og kollektar 40.244.

## Misjonsforeiningar

i Bergsdalen

Innkome i 1974:

Misjonssambandet,	form. Eirik Småbrekke	kr. 1024,—
Finnmark Misjonen	form. Borghild Småbrekke »	350,—
Det Norske Misjonsselskap,	form. Konstanse Lid	» 1406,—
Israels Misjonen,	form. Klara Lid	» 1161,—

## DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

## Arth. og Arne Vaksdal HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

## Eidsland Samvirkelag

EIDSLANDET

Filial: Lavik

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Merarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.  
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## Kjenner du kyrkja di

Kyrkja på Flatekval.

Nest etter Stamnes, er det Flatekval som er den eldste kyrkjestaden i noverande Vaksdal Prestegjeld. Stamnes har vore kyrkjestad heilt sidan ikring 1120. Kyrkja på Flatekval var bygd kring 1620. Dette var den første kyrkja på Flatekval, ho var i bruk fram til 1883. På den gamle kyrkjedøra som enno er å sjå i kyrkja, står det innskåre årstallet 1626. Før den kyrkja var bygd, var det gravstad på Flatekval, og kyrkja vart reist på gravplassen. Det var ei lita tre-kyrkja, taket var ogso av tre, storleiken var 9 gonger 13 alner. Nokre bønder i dalen reiste denne kyrkja. Det var ogso dei som «på begjæring» fekk ei gudsteneste om året, mot at dei sjølve betalte prest og klokkar, og ordna med skyss. Denne eine gudstenesta i Eksingedalen var ved syftesok, 2. juli. Då var det ogso marknad i dalen, og folk kom frå heile dalen, frå Voss og Stamnes, Evanger og Modalen. So var det gudsteneste med vigsling av brudepar, jordpåkasting av avlidne sidan siste preik, barnedåp og lesing med konfirmantar, m.m. For presten i Hamre var det «syv mil til Flatekval

kapell, fire mil til vands og tre til lands».

I 1823 fekk kapellet nytt pannetak. 1400 steinpanner vart førd med båt til Eidslandet og drege på vinterføre til Flatekval. Det kom tøyver før dei var ferdige, so noko måtte førast til Mo og berast eller klyvjust til Flatekval.

Kyrkja var ikkje stor, so det var ikkje plass til alle inne, men preikestolen stod ved eit vindauga på den søre langveggen, so dei som ikkje kom inn, kunne stå utanfor og høyre preika.

Då den nye kyrkja var reist, vart gamlekyrkja seld på auksjon. Tømmeret av kyrkja er no ei stove på Bindingebø.

Nye-kyrkja vart bygd av stein. I fleire år var det friviljukt arbeid med hogging og føring av stein til kyrkja. Ho vart vigsla den 12. juni 1883. Med unnatak av litt måling og nokre beslag, var alt arbeid utført av folk i dalen. Eksingedalen var lenge delt mellom tre prestegjeld, øvre dalen med Nesheim høyrde til Evanger, midtre dalen med Flatekval til Hosanger, og nedredalen med Eidslandet til Bruvik. No har heile dalen vegsamband og høyrer til Vaksdal Prestegjeld.

Mykje interessant vert fortalt om reisinga av bae desse kyrkjene på Flatekval. Alt vitnar om folk som midt i alt slit og strev for det daglege brød, ogso visste at dei hadde bruk for Gud. Difor bygde dei Kyrkja og samlast der for å ta imot, gjennom ord og sakrament, det Gud ville gi folket i dalen. Med stor ihuge reiste dei kyrkja, ikkje berre for seg sjølve, men og for dei komande slekter. La oss hugsa det!

L. Bj.

## Kyrkjeferd for 50 år sidan

*Framhald frå førre nr.*

Elles var det mangt etter vegen som feste seg i barnesinnet. Nedanfor Lavik låg det ein diger stein dei kalla Leitesteinen. Den hang utover vegen slik at me mest kunne ta opp i den. Me syntest det var litt utriveleg med den steinen.

Nede ved Skordalselva var det plankebru over elva. Det dundra og bura når hestane sprang over. Det minna oss om eventyret om dei tre bukkane Bruse.

Då me svinga om Skarvet ved ungdomshuset, såg me husa på Flatekval, og målet for turen nærma seg — den kvitkalka kyrkja med tårn og spir. Den stod der som eit fast samlemärke for bygdefolket i sorg og glede. Det kom mange hestar både ovanfrå og nedanfrå bygda og stemde mot kyrkja. Ein del ungdomar kom på sykkel, det syntes med borna vor noko rart å sjå. Det var ikkje mange jenter som hadde sykkel, men dei fekk sitja på hjå gutane.

Så klang kyrkjeklokkone utover den stille dalen. Mannfolka letta på hatten og helsa dei første klokketonane. «Han ringjer første gongen no han Andreas», sa dei til kvarandre. Folka samla seg kring kyrkja. Sume gjekk og såg over gravene til sine kjære. Unggutane sat oppå den breide kyrkjegardsmuren og prata. Dei eldre stod i småflokkar og prata og spurde etter nytt. Det kunne vera lenge mellom kvar gong dei møttest mange av dei, for det var berre 6 gudstenester om året i dei dagar.

Så kjem ein av medhjelparane med

ei kanne vatn, «det skal vera barne-dåp», sa mor. Dette er Mons Vetlejord, får me vita. Han har langt kvitt heilskjegg. Og der kjem den andre medhjelparen — han Anders Nese. Han har og heilskjegg. Dei går begge inn i sakristiet. Så kjem det ein høg mann med bartar og buskete augebryn under den svarte skyggehuva. Det er ringjaren, han Jakob Anders som dei sa. Han går inn i våpenhuset, og snart kling klokketonane på nytt utover den stille dalen og kallar folket inn til helg og høgtid.

«Han ringjer siste gongen» seier folk og går inn og finn seg plass. Mannfolka på høgre sida, kvinnene og borni på venstre sida — og ungdomen på galeriet. Det er ikkje orgel i kyrkja. Det er klokkaren, Johannes Flatekval — eller Flatekvalskulen som dei sa — som leier songen. Han stig fram i kordøri og les klokkarbøni med klår røyst. Men so tek han opp av lomma si ein liten rar tingest som han sler mot den andre handi si og heldt den opp mot øyra sitt og lyder. «Det er tonegaffel», kviskrar mor, «han vil høyra kor høg tonen skal vera». Og so lyder songen under kyrkjekvelven med klokkaren si klåre røyst over alle. Det var Landstad salmebok som var bruka, men Eksingedalen kyrkjelyd var ein av dei første kyrkjelydane i landet som tok i bruk Nokre Salmar» av Blix. Men ritualet var på riksmål som dei sa, og det bruka presten som var då, Sigurd Osnes, ogso. So me borna skyna vel ikkje so mykje av det han sa. Men eg kan hugsa at eg sa til tante Brita då eg kom heimatt

frå kyrkja ein gong, at idag nemnde presten namnet mitt og alt kyrkjefolket reiste seg! Dette var før eg byrja på skulen, so eg visste vel ikkje av det var evagelisten Johannes presten nemnde.

*(Framhald neste nr.)*

## Frå Kyrkiebøkene

**DØYPTE:**

**DALE:**

Silje Takvam, fødd 1. sept. 1974, døypt 16. november.

Helge Vestrheim, fødd 9. nov. 1974, døypt 9. febr. 1975.

Heine Andre Jordal, fødd 23. okt. 1974, døypt 9. februar.

Janniche Bruvik, fødd 7. des. 1974, døypt 9. februar.

Vibeche Standal, fødd 7. nov. 1974, døypte 9. februar.

Linda Svarstad, fødd 15. nov. 1974, døypt 9. februar.

Linda Helen Hvidsten, fødd 13. nov. 1974, døypt 9. februar.

Tone Fossmark, fødd 9. nov. 1974, døypt 9. februar.

**VAKSDAL:**

Øystein Kalleklev Moe fødd 5. des. 1974, døypt 23. febr.

**VIGDE:**

**DALE:**

Jarle Kallestad og Anne Grethe Krogsrud, vigde 28. des. 1974.

Arne Johnsen og Ingunn Frøydis Nummedal, vigde 25. jan. 1975.

Rolf Hagebø og Sølvi Birkeland, vigde i Voss kyrkje 1. febr. 1075.

**VAKSDAL:**

Olaf Andreas Litangen og Thorunn Mari Krogsrud, vigde 22. febr. 1975.

**AVLIDNE:**

**DALE::**

Håkan Bergstad, fødd 24. nov. 1920, døydde 8. jan. 1975, gravlagd 15. jan.

Jenny Sofie Boge, fødd 17. feb. 1906, døydde 15. jan. 1975, gravlagd 22. jan.

Johanna Kvamme, fødd 29. okt 1907, døydde 17. jan. 1975, gravlagd 25. jan.

Ingeborg Sellevold, fødd 18. des. 1892, døydde 7. febr. 1975, gravlagd 13. febr.

**VAKSDAL:**

Thea Oline Ekse, fødd 2. aug. 1878, døydde 10. jan. 1975, gravlagd 16. jan.

Dagny Marie Josefine Sebjørnsen, fødd 28. nov. 1897, døydde 15. jan. 1975, gravlagd 23. jan.

Nils Takvam, fødd 30. okt 1928, døydde 8. febr. 1975, gravlagd 15. febr.

Magnhild Takavm, fødd 11. juni 1934, døydde 8. febr. 1975, gravlagd 15. febr.

Kari Borgny Takvam, fødd 28. juli 1963, døydde 8. febr. 1975, gravlagd 15. febr.

**STAMNES:**

Magne Møster, fødd 28. juli 1887, døydde 7. jan. 1975, gravlagd 14. jan.

## Med to årar

Alle med kjennskap til årar og båt veit at skal ein kunna ro båten fram til sitt mål, så må ein nytta begge årane. Nyttar ein berre ei åre, vil båten berre gå i ring.

Dei to årane som ein må ro misjonsbåten fram med, er årane *bøn* og *offer*. Når det gjeld indremisjonen og heidningemisjonen vert jamleg begge årane nytta, men når det gjeld israelsmisjonsbåten, er det mange som nyttar berre den eine åra. Me bed

for alle heidningar — og for Israels folk. Den andre åra — offer — må også nyttast.

Innsendt ved M. H.

\* \* \*

Den norske Israelsmisjon er i gang med å byggja den første evangeliske aldersheim i Israel. Heimen vert bygd

for kristne jødar som kom levande frå jødeforfylgjingane før og under siste verdenskrig. Dei manglar enno ca. ein million kr. for å kunna reise heimen.

Gåvor til dette arbeidet kan sendast med postgiro 20 87 55. Den Norske Israelsmisjon Collets gt. 43, Oslo 4.



Steinar har her tegnet et fint påskebilde til menighetsbladet. Du ser Jesus som rir på eselet palmesøndag. Folket var svært glade denne dagen og la klærne sine på vegen til ære for Jesus. Men vi ser at det er kommet en blind tigger med på bildet også. Ingen ting kan bedre fortelle hvorfor

folket var glade. Jesus hjalp så mange som hadde det vondt.

Men ikke alle var glad da Jesus kom. Det hører vi mye om nå i Påsken. Tenk de behandlet han som en forbryter og hang han på et kors. Han som ikke ville gjøre noe annet enn godt for menneskene.

HAN SOM IKKJE SPARDE SIN EIGEN SON, MEN GAV FOR OSS ALLE, KORLEIS SKULLE HAN KUNNA ANNA ENN GJEVA OSS ALLE TING MED HAN?

Rom. 8:32.

## Velkommen til Kyrkja Gudstenester

### Midtfaste søndag 9. mars:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Dale Kyrkje kl. 18.30. Musikkandakt. Postkoret frå Bergen og Dale Mannskor. Kollekt Klokkeslett. Sjå kunngjering elles.

### Marimesse søndag 16. mars:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Israelsmisjonen. Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Offer til Søndagsskulen og Y.A.

### Torsdag 20. mars:

Dale Kyrkje. Fastevesper. Kl. 19.30.

### Palmesøndag 23. mars:

Vaksdal Kyrkje kl. 11. Res.kap. Steinnes. Innsamling av fastebøsser. Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Samemisjonen.

### Skirtorsdag, 27. mars:

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Eidslandet Kapell kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd.

### Langfredag, 28. mars:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Eksingedalen Kyrkje kl. 16.30. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

### 1. Påskedag, 30. mars:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Soknerådsarbeidet.

### 2. Påskedag, 31. mars:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Norsk Lærarakademi.

### 1. søndag etter Påske 6. april:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

### 2. søndag etter Påske, 13. april:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik. Offer til Kirkens Nødhjelp. Dale Kyrkje. Konsert med Vivaldis Gloria, Slettebakkens Kyrkjekor, og Dale Kyrkjekor.

### 3. søndag etter Påske 20. april:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Eidslandet Kapell kl. 11.00« Sokneprest Bjørsvik.

### 4. søndag etter Påske, 27. april:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

Hausvik og Faugstad <sup>A/S</sup>

Vaksdal

Telefon 3603.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

*DALE, Tlf. 2421*      Frå      Til  
Måndag, Tysdag. Ons-  
dag og Fredag ..    8.30    15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00    17.30

*VAKSDAL, Tlf. 3605*  
Tysdag og Fredag    8.30    15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00    17.30

*STAMNES, Tlf. 3 a*  
Måndag    frå kl. 9.30 tll kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag**  
**STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening**  
**Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS**  
**SKOFORRETNING**

**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN** <sup>1/3</sup>

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

**BØKER - PAPIR - BIBLAR**

**SALMEBØKER - SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN** <sup>1/3</sup>

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Stanghelle Handel**

**STANGHELLE**

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711  
filial 3713

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**